



Fyll ut skjemaet på PCen, skriv ut og send/lever!

## Søknadsskjema om fri skuleskyss - Skuleår:

For elevar som ikkje har rett til skyss/kan få skyss til og frå skulen etter:

**1. Opplæringslova §7-1:** "...Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda". Kommunen har avgjerdsmynde i saker om fri skuleskyss på grunn av særleg farleg skuleveg når avstanden skule – heim er under 2/4 km.

**2. Voss kommune si klassifisering** av skulevegar under skyssgrensa – godkjend i utval for levekår i sak 18/10, gjeldande frå 01.08.10.

**3. Handbok for grunnskuleskyss:**

*Elevane og føresette har plikt til å gi kommunen og fylkesmannen den informasjonen som er nødvendig for at det kan fattast vedtak i saka. Dette gjeld t.d. opplysningar om eksisterande skysstilbod og gangvegar.*

### Vi søker skuleskyss for:

Eleven sitt namn:  Fødselsdato:  Bruk kalendaren eller skriv inn på forma dd.mm.åå !

Adresse:

Årssteg:   skule

**Grunngjeving for søknaden** med opplysningar om eksisterande skysstilbod og offentlege og private gangbare vegar innanfor 2/4 kilometersgrensa.

Stad:  Dato:

Underskrift

### Ved innvilga fri skyss:

Dersom søknaden blir innvilga, vil skyssen gjelda for eitt skuleår eller for ein avgrensa, fastsett periode. Dersom de ønskjer å søkja om fri skuleskyss ut over dette året/perioden, må dette gjerast på nytt neste år/eller for annan periode.

**Søknad om fri skuleskyss skal sendast til kommunalavdeling oppvekst.**

### Avslag på søknad om fri skyss:

Søknad om fri skyss er ein søknad om skyss på individuelt grunnlag. Ved avslag på søknad om fri skyss har ein klagerett:

*Då dette er eit einskildvedtak har de i følge Lov om forvaltning § 28-36, rett til å klaga på vedtaket. Klagefristen er 3 veker frå den dagen de har motteke brevet.*

Foreldre/føresette kan klaga kommunalsjefen si avgjerd om avslag på søknad om fri skuleskyss.

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, er klageinstans i slike saker. Klagen skal sendast via kommunalavdeling oppvekst.

**Søknadsfrist heilårskyss 15. april.**

**Søknadsfrist vinterskyss 15. oktober** (15. november til 15. mars)